



Grunneigarar til Tykkhellevatn, Eidsvatn, Austevatn og Langavatn

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2969 - 16/32467

Saksbehandlar:

Arne Eikefet

Arne.Eikefet@lindas.kommune.no

Dato:

28.11.2016

Informasjon vedkomande konsesjon, løyve til regulering og bruk av Tykkhellevatn, Eidsvatn, Austevatn og Langavatn

Lindås kommune søkte NVE om konsesjon/løyve til tiltak ved dei fire vatna 15.02.2013.

Etter ein lengre søknadsprosess, der løyve til tiltak vart gjeve av NVE, vart vedtaket anka/klaga inn til Olje&Energidepartementet for endeleg avgjerd.

I brev frå OED av 08.03.2016, blei klagene ikkje tekne til følgje, og dermed er søknaden frå Lindås kommune om konsesjon for auka industrivassforsyning til Mongstad, endeleg godkjend.

I ettertid har det vore møter mellom Statoil Mongstad og Lindås kommune, der det har kome fram at av ulike årsaker og analyser, er behovet i dei næraste åra noko redusert i høve til dei vassmengdene ein søkte om å ta ut. Resultatet av det er at Lindås kommune og Statoil Mongstad er samde om at bruk av og uttak frå vasskjeldene Austevatn og Langavatn ikkje vert iverksett no.

Lindås kommune vil dermed i første omgang som utbyggingstrinn 1, ta i bruk Eidsvatn og Tykkhellevatnet slik konsesjonen og konsesjonsvilkåra gjev løyve til.

Lindås Kommune vil med det første kalla inn til møte med grunneigarar for desse to vatna. Det vil bli lagt opp til å få til frivillege avtalar, eventuelt med frivillege skjønnsoppgjær.

Videre saksgang, slik vi ser det, vert og lagt fram på møtet, med gjennomgong av regulering, tiltak og vilkår. Har De spørsmål i saka, kan Lindås kommune, Teknisk Drift kontaktast.

Kontaktpersonar: Arne Eikefet, Atle Dingen, eller John Bauge

Med helsing

Arne Eikefet

Prosjektleder

Infrastruktur og samferdsel

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Grunneigarar til Tykhellevatn, Eidsvatn,
Austevatn og Langavatn